



Morgonstemning på Garborg. Landskapsvernområde mellom Garborg og Tjensvoll. Foto: Sigbjørn Reime

FRÅ HALS TIL HJARTA

Arne Garborg og det jærskje

SIGBJØRN REIME

Arne Garborg vaks opp på Garborg i Time kommune. 15 år gammal reiste han derifrå, med heimstaden langt opp i halsen. Han ville vekk, og måtte vekk. Men med alder og avstand kom både kjærleik og nærleik til Jæren, og nokre av dei fremste verka hans har heimtraktene som handlingsstad. Der har Arne Garborg løfta det jærskje opp på eit eksistensielt og tidlaust nivå.

Sigbjørn Reime, kulturformidlar i Time kommune, har i mange år formidla den jærskje historia og litteraturen til den store diktaren. Her fortel han om Garborgs forhold til Jæren – som diktar og menneske.

I *Knudaheibrev* frå 1904 seier Garborg dette om kva Jæren betyr for han:

«Desse heiane og myrane med fjella i aust og havet i vest, det er det einaste av land som rett kjem meg ved i verda. Andre stader kan vera vene. Dette kan vera vent eller stygt. Men det er mitt. Og sistpå vert det vent. Jamvel det som visst er stygt her, – eg veit ingen stad noko som i grunnen er venare.

Der må vera ein visdom i dette.»

Ja, det er visdom i mangt: Dei mange verna steingardane står i dag som eit taust og traust vitnemål om vilje og slit gjennom generasjonar med å leggja jorda under seg og gjera henne nyttig for menneske og dyr. Slitet skapte eit sterkt og særeige folk, som har fått sitt litterære ettermæle i Garborg sitt hovudverk *Fred* frå 1892:

«Dei grev seg gjennom livet med grubling og slit, putlar med jorda og granskar i Skrifta, piner korn av auren og von av draumane sine, trur på skillingen og trøystar seg til Gud.»

Symbola i kommunevåpna her på flatlandet stadfestar på kvar sin måte kva som har vore viktig for folka her: Vipe, steinbukk og kross – von om ein ny vår med nye muligheiter, arbeid, og tru på noko som er større enn ein sjølv.

Det er sagt at identitet mellom anna er det som viser kven som er «me» og kven som er «dei andre». Markørar for dette kan først og fremst vera språk, dvs. dialekt, deretter vanar og veremåtar, meiningar og minne, historie og kulturarv, levevis og religion. Desse markørane er med og avgjer kven me er; og dermed utgjør dei det som kan kallast identiteten vår. Dette sat

òg djupt i Garborg, og han har visst å bruka det – bevisst og ubevisst. Det er litt av dette eg vil prøva å visa i dette korte møtet med Garborg og det jærske – og dermed altså også ein mulig jærsk identitet.

DIKTAR OG JÆRBU

Arne Garborg er ein av våre største diktarar og eitt av våre mest allsidige åndsmenneske gjennom tidene, med romanar i toppsjiktet av norsk og europeisk litteratur, og med artiklar og skrifter prega av vidsyn, innsikt og enorme kunnskapar på mange felt. Bøkene hans handlar om dei store spørsmåla menneska til alle tider har kjempa med og grubla over; og med stor psykologisk innsikt lodda han dei ystete djupa i menneskesinnet – fleire år før den austerrikske legen Sigmund Freud hadde publisert noko som helst. Samfunnskritikar-



Jærbu i ham og hått: Arne Garborg på Knudaheio. Jakka er knappa på garborgsk vis.

Garborg-skulptur laga av Gøril Førstund / Foto: Karl K. Kleppe



Alvelandet. Utsikt frå Knudaheio.

Foto: Sigbjørn Reime

en Garborg tek òg opp samtidige sosiale og politiske problemstillingar i verka sine, sosial urett, kvinnesak, religion, maktmisbruk for å nemna nokre få. Garborg er nemleg ein av dei som verkeleg var med og prega den norske samfunnsdebatten i mange år, ikkje minst fram mot frigjeringsåret 1905, gjennom skrift og tale. Han var republikanar og «vinstremann». Kva mon han hadde hatt å seia om og til dagens Venstre?

Men Garborg var heile livet òg jærbu. Han prøvde å fortrengeja det på ymse vis, mellom anna ved å byta namn og skifta talemål. Men då han vart eldre innhenta den jærskje identiteten han meir og meir. Han hadde saktens prøvd å gløyma. Men med åra vart jærbuen sterkare og sterkare i han. Til slutt slapp han ikkje ifrå han lenger: «Havlengt livna; havminne drog; vidde, vidsyn måtte til; hav og hei,» fortel Garborg i *Knudaheibrev*. Havet i

vest og låge fjell i aust, rolege, støe og blåe. Dette var hans land; og her hørde han heime. Han seier det slik: «*rett heime var eg ingen stad utan heime*». Og med heime meinte han altså det bølgyjande flatlandet og lågheiane mellom havet og fjella her på Jæren.

Å MALA MED ORD

Dei litterære døma som viser dette jærsket best er naturleg nok dei som har handlinga her i heimtraktene: første delen av *Bondestudentar*; *Fred*, *Haugtussa*, *Læraren*, *Den bortkomne faderen*, og dei biografiske verka *Knudaheibrev* og *Knudaheidagbok*. Om den sistnemnde boka, som er mi samling av alt det han skreiv i Knudaheio etter 1905, meiner forresten Garborg-kjennaren Sveinung Time at når denne teksten kjem for seg sjølv viser han at Garborg er meir levande og inspirert i det han skriv her på Jæren enn elles i dagbøkene. Det er kanskje ikkje er så rart, når ein tenkjer på kor han var når han skreiv det!

Dei nemnde verka er alle stor og tidlaus litteratur, men sidan handlinga i alle bøker nødvendigvis er lagd til ei tid og ein stad, fortel dei òg mykje om både tida og staden, og ikkje minst om folka, i dette tilfellet det folket diktaren kjende best. Jæren har nok endra seg ein del gjennom åra, men kanskje har noko av det typisk jærsket frå diktaren si tid endra seg mindre enn me skulle tru.

Ingen har som Garborg gjennom stor skrivetekunst gitt eit meir altomfattande bilete av jærnaturen, jærbuane og det jærsket. Her ligg då òg den eigentlege grunnen til at Garborg og Jæren for mange heng så nært i hop.



Sovande troll . Knudaheio.

Foto: Sigbjørn Reime

Denne samanhengen er rett nok, men han må for all del ikkje skugga for den store diktaren og gjera han og desse tidlause storverka mindre enn dei er. Det jærsket er ikkje det viktigaste i bøkene hans, men det finst altså der, og det er det denne teksten skal handla om.

I det som av kritikarane vart kåra til 1800-talets største poesiverk, *Haugtussa*, hyller Garborg heimlandet sitt i opningsdiktet *Til deg du hei*, og dediserer i første verset verket til Jæren:

«*Til deg, du hei og bleike myr
med bukkeblad,
der hegre stig og heilo flyr,
eg gjev mitt kvad.*»

I dei ni versa finst heile jærhistoria samla; landskap og menneske, arbeid og kvile, lys og skugge, fred og ufred, medgang og motgang, tvil og tru, liv og død – alt som

har påverka og forma livet til jærbuane gjennom slektene fram til skrivande stund; omtrent som eit jærsk identitetsdikt.

Garborg *malte* - med ord - på ein måte som få kan gjera han etter, og han var ein uvanleg skarp sjåar og analytikar – og ein fin humorist – typisk jærsk humorist. Det er – *Fra det mørke fastland* til trass - likevel eit Jæren sett med kjærleikens auge, ein kjærleik som

vart meir og meir ubetinga etter som åra gjekk. Men det var ikkje alltid slik.

FRÅ HALS TIL HJARTA

Han hadde reist frå Jæren berre femten og eit halvt år gammal med det meste i halsen: «*Styggare og styggare syntest det meg, di eldre eg vart helst. Og utan minste sukk fór eg der ifrå*», fortel Garborg i *Knudaheibrev*. Om



«Utan minste sukk fór eg der ifrå.» Den gamle vegen til Garborg.

Foto: Sigbjørn Reime

han ikkje skulle bukka under for faren sitt maktmisbruk, mismot og mørkemannstankar og eit heimemiljø som heldt på å kvela han, måtte han koma seg vekk. Han meinte at dei som ikkje hadde betre vit fekk verta bønder; dei som hadde meir å fara med ville lenger i livet.

Men oppfatninga hans av Jæren, heimen og folka frå barndom til moden alder skulle altså flytta seg – *frå halsen til hjarta*; og i dette spaningsfeltet – mellom tilhørsle og lausriving, mellom nærleik og distanse, mellom hat og kjærleik – skapte han sin kunst. Han brukte *sitt* Jæren som bakgrunn for dikting som ikkje berre gav folka her vest ein litterær identitet, men som òg tilførde norsk litteratur noko av det største som er skrive. Jæren er scenen. Men handlinga er både stad- og tidlaus, og handlar om dei store eksistensielle problema alle menneske strir med – til alle tider.

«...OG TRØYSTAR SEG TIL GUD.»

Forholdet til Vårherre har vore eit viktig ankerfeste for jærbuane i hundrevis av år, slik det òg var i heimen til diktaren. Vårherre var eit opplese og vedteke faktum som berre *var* slik. I *Bondestudentar* – Garborg sin gjennombrotsroman frå 1883, viser han kor viktig dette var i kvardagen for folk flest, truande og andre:

«-dei song inne hjå han Ole Johannes Sørbraut ein sur, kald måndagsmorgon i april.

Dei heldt bøn kvar dag i dette huset; for Ole Johannes var på sin måte ein gudeleg mann. Han var ikkje vekt; og sjølv om han stundom hadde prøvd på å omvenda seg, så hadde han ikkje fått dette til, tykte han; så det laut vera til

han vart gammal og fekk betre stunder. Men han tenkte likevel at det var best å halda seg til Guds Ord så mykje ein kunne, og han la særleg vekt på å halda borna sine til Boka. Så laut heile huset opp i den gråe otta for å lova og prisa Gud, og dei småe stod eller sat ved bordet og halvsov og småfraus og song, så godt dei kunne. Men det hende at vesle Judith gret, når ho var alt for svevnug. Då vart Ole Johannes på eigne og Vårherres vegne vond, og syngjande av full hals bøygde han seg av og til framover bordet og kneip Judith i øyra. Tagde ho ikkje då, fekk ho stryk etter bøna, når Ole Johannes elles hadde stunder; for ein skulle prisa Gud med glad hug og ikkje gråtande, som Luther sa.»

Fleire levereglar i Skrifta passa nå elles kjærkome godt med enkelte klassiske jærsk særdrag. Eitt av desse var påhald – knegeskap på godt jærsk. Sjølv om dette kanskje ikkje var nokon god eigenskap – iallfall ikkje når andre hadde han - , sat det likevel djupt i mange, utan at dei alltid var villige til å innrømme det. Men når ein kunne grunna det på bibelord vart det beint fram som ei Guds gåve. Stod det ikkje i Skrifta at «fråtseri og drukkenskap» var synd, kanskje?

Bibelen sine ord var ein så vesentleg del av språket at det var ikkje alltid lett for ein liten krabat å skilja kva som var kva. Diktaren fortel at han trudde fullt og fast at det var jærbuar som hadde kryssa det turr-lagde Rødehavet med Faraohæren i hælane. Det var han like sikker på som at når folk snakka om byen så meinte dei Jerusalem, og ikkje Stavanger. Og at den hardt prøvde Bibelhelten hans, Job, var jærbu sa seg òg sjølv, ting kunne vel tyda på at han var sørante Varhaug? Ein samtale på den tid var ikkje gammal før ut-

segner vart underbygde og understreka med bibelsitat. At dei var noko personleg tilpassa eller ferdig tolka av den enkelte var så, naturlege og gode å ta til var dei, kor som er! I *Fred* har Garborg demonstrert dette ved fleire høve, ofte med ein snert lesaren går glipp av om han ikkje les det eigentlege bibelordet.

Det jærskje bondesamfunnet på 1800-talet var gammalmodig, trongt og strevsamt, men samstundes traust og trygt. Endringar vart møtte med skepsis; det meste var best «*som det var*». Trua på arbeidet, der stein med handemakt vert lagd på stein under mottoet «dæ æ jabbnå så dræge», har lange tradisjonar på flatlandet i sørvest. Dei driftige jærbøndene har med ukueleg pågangsmot trossa både naturen og naturkreftene, og fått makt over landskapet. I *Bondestudentar* viser Garborg oss jærbuen si oppfatning av kva som eigentleg er arbeid, og kva som ikkje er det – ikkje uventa med fin ironi:

«Trur for eksempel du, Daniel, at presten ikkje arbeider,» spurde læraren ein dag. Nå hadde Daniel i grunnen trudd det; men han forstod at her skulle det svarast nei, og så svara han nei. «Nei,» sa læraren, det måtte ein ikkje innbilla seg. Presten, futen, skrivaren, amtmannen, dei arbeidde i røynda likså mykje som me, og stundom meir; og «kva trur de er tyngst, anten å arbeida med hendene eller med hovudet?» Der var fleire som tok feil her, og svara som dei meinte, at det var tyngst å arbeida med hendene. Men Daniel forstod at det var ikkje dette svaret læraren ville ha, og så svara han høgt og trygt: «Det er tyngst å arbeida med hovudet.» Og læraren gav Daniel rett, og gjorde litt narr av dei andre, som kunne svara så tankelaust. Dei skulle prøva å arbeida med hovudet, slik

som presten, dei, så skulle dei få kjenna! Men – Daniel var nå likevel ikkje heilt sikker på om læraren hadde rett denne gongen.

Daniel hadde elles ein heilag age for gamlepresten. Men den han hadde mest age for var nok likevel hunden til presten.»

DEN SMERTEFULLE DANNINGSREISA

Jærbuen si mindreverdskjensle er både klassisk og gammal. Den gjeld som oftast ganske overflatiske ting som klesdrakt og talemål, men har hatt lange skygger, ikkje minst gjennom seiglivu uttrykk som «bønder i byen». I *Bondestudentar* møter Daniel Sør-Braut til å begynna med byen – Stavanger – med tiltru, men det varer ikkje lenge:

«Han fekk andre ting òg å stå i. «Klassekameratane», som såg at han var snill, gav seg strakst til å gjera narr av han, fordi han var bondetamp, og fordi han talte landsmål.



Steingard i Knudaheimarkjå.

Foto: Sigbjørn Reime

Og til slutt gav dei seg til å gjera narr av namnet hans.

Han var innskriven i bøkene som «Daniel Olsen Sørbrød». Det sa seg då sjølv at han snart vart heitande «surbrød». Og denne skjemten tykte dei labanane var så makalaus at dei sidan i alle fristunder flokka seg om han og ropte på «surbrød». Kor mykje kosta surbrødet i dag?

Daniel var vaksen kar, og snill og tølmodig; men dette gjekk så innpå han at han til slutt mest grét. Hadde han gjort dei noko vondt, av di han ikkje kunne få vera i fred? Men dette gjorde vondt verre. Då dei forstod at han tok seg nær av det, skreik dei endå meir, og hadde endå meir moro. Daniel hadde tenkt det skulle vera staut og hyggjelegt å vera saman med så godt folk sine søner; men han hadde aldri hatt det så vondt. Han kjende seg reint ynkeleg framand og åleine, og det var som han stakk seg på nåler og nesler kvar han snudde seg.»

Daniel vert elles aldri heilt kvitt den - om du vil - «bondske» arven, korkje gjennom klesdrakt, talemål eller utdanning. Han sit fast i sin eigen og eigentlege identitet, for å seia det på den måten. Om akkurat dét er berre typisk jærisk, er meir usikkert.

HOVUDVERKET FRED

I 1892 kom Garborg sitt hovudverk – romanen *Fred*. *Fred* er forteljinga om jærbonden Enok Hove sin kamp for tilveret og sjelefreden. Handlinga er lagt til eit samfunn på Jæren som liknar mykje på det miljøet diktaaren voks opp i. Då han var på veg til Øgård i Klepp for å skriva, brevveksla han med Kitty Kielland om prosessen han var i gang med. Nå var han på heimebane, og det gjorde han godt - og litt vondt:

«Jeg har fundet et fælt bra Sted her, midt på Fladjæren, lige ved Havet (for det maa jeg ha med) og er svært fornøiet. Rigtignok er her en Stilhed, som forstyrrer mig – endnu ialfald; det er en Stilhed, som høres og føles; jeg maa ret som det er stanse og holde Pusten og høre efter – høre paa den; den er ligefrem ængstende. Og denne evige Havsusen og Vindsusen (isende kold Nordvest naturligtvis) gjør ligesom Stilheden endnu mere følbare; ja selv Vibeskrigene (Gudskelev, her er flere Viber end jeg trodde) og Maageskrigene og Lærkesangen og Lamma-bæktingjå nedover Enger og Heier og Tjern virker bare som Ørkenlyd – stilhedsforstærkende. Imidlertid befinder jeg mig velsignet godt i denne Stilhed, og om nogle Dage, naar jeg har levet mig helt ind i den, saa den ikke forstyrrer, skal jeg arbejde vældigt.»¹

Same dagen skriv han òg brev til Jonas og Thomasine Lie, og fortel noko som er verdt å merka seg: «Kjærringa og Tufden holder foreløbig til hos min Bror, indved Stavanger; det er saa godt for Tuften at ha Kammerater. Saa er jeg Ungkar ogsaa – bare Jærbu. Og snakker Jærbu, saa Dere vilde ikke forstaa et Ord.» Med andre ord: Jærbuen i han er på veg!

Fred er ein stor roman i norsk og europeisk målestokk, kanskje den største psykologiske romanen me har i norsk litteratur. Den er ikkje utan grunn med i Den norske kanon – lista over dei tjudefem viktigaste norske bøkene gjennom tidene.

Men *Fred* er samstundes ein høgsong til Jæren, til naturen og det beste i folka her. I dette verket finst nokre av dei vakraste naturskildringane me har i den norske bokheimen. Landstripa i sørvest og folka på kanten har her fått sin litterære identitet:



«Eg veit ingin stad noko som er venare.» Utsikt mot Undheimstraktene.

Foto: Jon Egil Jakobsen

«Opp frå den låge sandstranda tøyer seg eit armt, grått land med lyngbrune bakkar og bleike myrar, oversådd med kampestein, trelaust og bert; avstengt mot aust med ein lang, låg fjellgard. Endelaus synest den nakne hei. Men her og der blå-

nar ei einsleg tjørn som ligg og gror att, eller eit stort, stilt vatn. Her susar vinden dag og natt. Og gråvêret ligg lågt over vidda, der haren rømmer frå stein til stein og allslags brun og spetta og vill fugl ligg i løynde reir og blinkar og blundar.

Over det heile spenner himmelen seg vid og grå, frå fjellgarden til havs og så vidt ein ser, – det einaste ljose over tilværet. Den har ein for augo kor ein går. Full av skyer og storm heng han mest alltid. Stundom sig han til jorda og sveiper landet i regn og skodde som i ein duk. Og det regnar og regnar til landet fløymer.»

NATUREN SI DOBBELTROLLE

Årstidene varierer kanskje ikkje så mykje her på Jæren som mange andre stader i landet, men dei har sine særdrag for det. Garborg har skildra dei meisterleg i *Fred*. Men skildringane av årstidene i *Fred* har ein dobbel funksjon. Dei er nemleg òg skildringar av sinnstemningane til hovudpersonen. Skildringa av hausten seier dermed òg noko om kor det maniske sinnet er på veg:

«Lufta bleikna og åkeren skjerna. Eplekålet mista dei fine fiolette eller rømmegule blomane sine og sette topple. Vipa tagna, flokka seg og vart borte. På bleike avslagne enger heldt staren stormøta sine med eit skravl og eit spetakkel så det hørdest langande veg. Så sette flokken til vêts med eit sus som ein stormvind; slo seg ned i eit rognbærtre og fekk seg mat.

Snart var skurden i gang, og låtepiper lét rundt alle åkrar. Så kom den siste store sjauen med å få opp epla; og då det var gjort sådde dei rugen.

– Så var sommaren slutt for i år. Dei berga i hus reiskapar og køyregreier og drog inn léstengsle og grindar. Ennå var kyrne ute her og der, gjekk og trødde i heimehagane og gnôg på dei siste grastustane. Men helst søkte dei livd under steingjerde og husvegger; der stod dei og kulsa og

fraus; lengta i hus dei med, drøymde om vinterfred og lune båsar.

Regnvinden saug og taut i nov og vegg; nå hadde han fått haustgråten i seg. Og himmelen hang motlaus og grå, og vaska og trapsa med tunge regnflodar.»

FRED SOM SOSIALKRITIKK

Fred er òg ein politisk roman, der ein kan ana at nye tankar om fordelingspolitikken i samfunnet er i ferd med å slå rot på dei konservative jærbygdene. Snakket om ei anna samfunnsordning – ikkje minst eit penge-samfunn – uroa jærbuen med sin inngrodde motvilje mot endring og øvrigheit, og vilje til å bestemma over seg sjølv og sitt eige. Bestemma over sitt og sine – og andre – er nemleg både greitt og rett, men ikkje å bli bestemt over. Ein djup skepsis til det som kjem ovanfrå – kanskje med unntak av det som kjem frå Vårherre – er eit tradisjonsrikt karakterdrag her på flatlandet. Det kjem godt fram i denne romanen. Garborg frykta elles at bankar skulle overta eigarskapen i landbruket frå bøndene, dei sanne kulturarbeidarane – som han hadde den største respekt for. Den respekten hadde han ikkje for pengemakta.

Dåtidas maktelite på bygdene – prest, lensmann, lærar – er blitt kommenterte av Garborg på mange vis, med alt frå lun humor, til mild – og vidare til bitande ironi. Han frykta meir enn noko at dei skulle utnytta maktposisjonane sine overfor dei som var svakare. Men når han f. eks. seier at heimepresten og husvennen Gunnerus hadde teke prestevegen fordi det ikkje var noko vidare hovud på han, og at populariteten hans

skuldast frua meir enn han sjølv, er det typiske døme på godlynt, garborgsk humor. Overfor maktmisbruk er han imidlertid ikkje nådig, for han hadde sjølv følt på kroppen kva det kan føra til.

JÆREN SOM INSPIRASJONSKJELDE

Den jærse naturen har saktens fascinert og inspirert tilreisande kunstnarar gjennom tidene. Dramatikken i det stadig vekslende vêret, det spesielle lyset, det forrivne landskapet. Landsdelen er blitt skildra på lerret og papir, i fargar og i svart kvitt, i bunden og i ubunden form. Meisteren er utan særleg tvil dikteren sjølv. Han reflekterer med vanleg glimt i auga over dette i *Knudaheibrev*:

«- For deg høyrrest det vel utrulegt at me her på denne fæle stygge Jæren hev kunstmålarar. Kvar sommar kjem dei. Færre og fleire. Ikkje berre ungdomar som skal øva seg opp; nei, folk av våre beste; trur du meg ikkje kan eg døyva deg med eit namn som Eilif Petersen. Og det som er det utrulege: dei målar ikkje berre sjø og strand. Elvar og bruer, enger og låvar, bondegardar og alt som er vert emne for kunst; og let seg bruka til kunst, endå det er frå Jæren. Ja om eg skal våga meg fram med alt: sjølve svarte torvmyrane vert måla. Med torv og alt. Nyskore torv, reist torv, røykt torv, stekt torv, alt er godt nok; alt er vent. Jamvel ei dame av den fine Kiellandsætta² held seg ikkje for god til å gå i torvmyra og måla. - Stundom er det som me mest ... ja. Me lyt vedkjennast, at både sjøen, og det om han gjeng stygg, og stranda, og det om det så er berre drivsanden, og sjølve lyngheia, ja tilmed torvmyra, - forsyne meg vert ikkje sjølve torvmyra ven'e. Ja ein kjem oppi mangt. Dæ sko nogen ha funne på sleg for et tju' år si! -»



«Forsyne meg vert ikkje sjølve torvmyra ven'e.»
Kitty Kielland: *Torvmyr* (1883)

Etter at fotoapparatet kom, har også fotografar av alle slag blitt inspirerte av landsdelen sine mange fasettar, og bileta deira vert ikkje sjeldan fylgde av – ja, nettopp: Garborgtekstar.

SPRÅK OG IDENTITET

Språkkunstnaren Garborg vart fort klar over den sterke samanhengen mellom *språk og identitet*. Han er ein av

dei viktigaste bidragsytarane til det nynorske skriftspråket, som han lærde seg ved å normalisera sin eigen jærdialekti 1877. Då vart hanklar over korn nært talemålet hans var det som då heitte landsmål, i dag nynorsk. Språket er den fremste identitetsberaren vår, og for ein innfødd er det ikkje vanskeleg å sjå jærdialekten i botnen av Garborg sine jærverk: Setningsoppbygningen, talemåten, dei mange jærsk uttrykka og tenkjemåten. Det burde vera noko å tenkja på både for lokale styremakter og næringslivsleiarar i dag òg. Det er mest naturleg for oss alle å bruka det skriftspråket som ligg nærast det språket me snakkar.

Me høyrde om Daniel Braut tidlegare. Kanskje er me òg styrde av det me trur er fint, og så ofrar me eigenarten vår for å bli ein del av det høgrøysta og ofte både rot- og historielause fleirtalet. For særpreg er viktig; det er faktisk det mest naturlege både med og for oss, og *det beste av det* bør kanskje odlast. Og få har vore meir klar over og kjempa meir for språket som vår viktigaste identitetsfaktor enn den store diktaren.

«NOGE DER Æ GAGEN I»

Jæren har i dag mange vakre kulturlandskap, men òg ukultur og stygge bygningar så det held, både på bygda og i tettstadene; for det er typisk jærsk «*å få vekk gamle lort og få opp noge der æ gagen i*». Estetik her på Jæren finn ein tradisjonelt berre dei gongene det estetiske tilfeldigvis er funksjonelt! Eit klassisk døme på det er jærhuset. Dette harmoniske og symmetriske huset med skutane i endane er nærast eit stilisert bilete av det bølgljande jærlandskapet; funk-sjonelt bygd for å



Foto (over): Rasmus Norlander



Foto: Sigbjørn Reime

Kårhuset på Hauge i Klepp kommune er arkitekt Per Line si gjendikting av det opphavlege jærhuset, her representert ved Garborgheimen. Skutane er erstatta med valm. Den vesle trekanten øvst på brystveggen og den mørke fargen leier tankane attende til originalen: Dei opphavlege jærhusa var tjørebreidde, og hadde bryst som var pannekledd eller panelte.

ta av for vinden, og samstundes noko av det vakraste jærubuen har skapt. Men som mykje anna av det tradisjonelle er òg det identitetsberande jærhuset ein utdøyande rase. Det er ikkje meir enn om lag hundre att av dei vakre husa, som fekk namnet sitt av presten og folkeminnegranskaren Eilert Sundt i 1860-åra. Huset er faktisk både godt og grundig dokumentert av Garborg – skjønnlitterært i *Fred* og dokumentarisk i *Knudaheibrev*. Det er ikkje blitt mange hustypar til del å få ein så sentral plass i bokheimen vår. Diktaren var for øvrig svært betenkt då han såg at sandneskassen var i ferd med å avløysa jærhuset. «*Bystykka*», som han kalla dei, hadde han lite til overs for, dessutan var tømmeret så tynt at folk kom til å frysa om vintrane i dei. Det kom ikkje til å bli mykje familiekos inni dei «gjesne» husa, meinte han. Tenk om han hadde sett Per Line sine vakre og stillferdige gjendiktingar av jærhuset, som han var så glad i!

Garborg var ein ihuga tilhengjar av skogplanting, og i sjøkanten på Nærland var han fleire gonger for å beundra dette jærskje initiativet. Der hadde dei lært seg å temja både vinden og sanden, ved å planta marehalm innført frå Danmark, og skog. Sjølv om leplanting er lett å forstå i dag, har det ingen lang tradisjon på Jæren. Hadde Vårherre meint der skulle vera skog eller marehalm her, så hadde Han sjølv planta skog og marehalm, meinte gudfryktige jærubuar. Men på Nærland trossa dei, typisk nok, Herren, og såg resultatet av det: Jordene vart både store og fruktbare, heilt ned til strandsteinane. Om dette og om kva som elles er viktig i verda skriv Garborg i *Knudaheibrev*, der bonden, og

især jærubonden, tjuve år etter *Bondestudentar* er i ferd med å bli opphøgd til den einaste sanne kulturarbeidaren. Det er eit langt steg frå den ironiske kommentaren om bøndene me høyrde tidlegare!

VOKSTER PÅ EIGEN GRUNN

Jæren med det særeigne landskapet og det dramatiske vêtet er etter kvart blitt interessant for andre tilreisande enn kunstnarar: Jærstrendene, naturen, dei mange kulturminna, det jærskje særdraget slik ein finn det i gamle hus og miljø; Garborgheimen, Knudaheio, Træe på Line, Hå gamle prestegard og Grødalands-tunet, nyare attraksjonar som Friluftshuset; kjende og dyktige kunstnarar som mellom andre Karen og Jens Erland; skrivande folk som Helge Torvund, Tor Obrestad og Tobias Skretting og avdøde Åse Marie Nesse, syngjande folk som Vind i gardhøl, Karl Fjogstad, og Kaizers Orchestra; og nå sist det svært så



Træe på Line.

Foto: Sigbjørn Reime

ujærsk Høghuset, som etter mykje meiningsbryting og kommentarar kanskje endar opp som eit symbol på ei av dei viktigaste sakene her på flatlandet: jordvern. Det jærsk jordbruket er det mest effektive og varierte i landet, med produkt som kan konkurrera med kva det skal vera. Det har lokale matkunstnarar, som til dømes jærkokken Heine Grov for lengst oppdaga, og gjort noko med: Saman med Jæren Hotell lanserte han for fleire år sidan omgrepet «Det jærsk kjøkkenet» – basert på ideen om at lokale råvarer som regel er dei beste – iallfall dei ferskaste. Han oppfordra lokale produsentar til å få fram attraktive og kvalitetssikra lokale råvarer som heldt mål i konkurranse med tilsvarande frå andre land eller stader i landet. Det er dette som nå vert omtala som kortreist mat. I kjølvatnet har me så fått kokebøker for – ja, tru det om du kan: jærsk mat!

Tanken er tenkt før: «*Det som veks på vår eigen grunn skulle vera både nok og godt nok,*» seier Garborg i *Fred*.



Nytt og gammalt: Vindmølle på Myrane.

Foto: Sigbjørn Reime

Han likte den jærsk maten: Skild mjølk og hellekake – gome og potetkake – med smør og fatost, «*den rette gode vestlandske fatosten, som er finare enn roquefort*». Pussig nok vert det i dag laga ein geitost på Aurenes, to-tre kilometer innanfor Knudaheio, som er i ferd med å erobra gourmetganar utanfor lande-grensene. Knudenosten finst mellom mange andre stader òg på Københavns og etter avstemming verdas beste restaurant, Noma.

Omtalen diktaren har av den jærsk kvardagskosten i novella «I heiane» er tankevekkande: «*Heimekost nærer, men skillingen tærer; og så lyt me greia oss med heimekost me. Men så har me nå kje meir vit, me tykkjer den er likeså god.*» Elles var nok jærsk komla med fløt livretten hans. Under ein komlemiddag på Hognestad skal han ha sagt noko som er blitt ståande, og som med sitt fine bokstavrim iallfall er ein diktar verdig: «*Kan nóggen fli mæg flåde?*»

Dei mange veldrivne bedriftene på Jæren, både dei som framleis produserer for primærnæringa, men òg dei som har vakse seg vidare inn i ny teknologisk og oljere-latert industri er interessante besøks- og studieobjekt for inn- og utlendingar. Alle er dei døme på jærsk oppfinnsemd og flid, basert på dei beste kvalitetane i det jærsk lynnet, og der det er liten skilnad på eigar og tilsett.

Vår venn diktaren var skråsikker på dei jærsk kvalitetane. Men han var bekymra for framand eigarskap – særleg for dei jærsk bøndene som han hadde slik tru på. Kva tru han hadde sagt om dei japanskeigde vindmøllene som nå pryder «*heiane og myrane*»?

Jærsk turisme var han òg i tvil om. Ein vakker sommarkveld sat han i Knudaheio og tenkte over dette:



Knudaheistova på Undheim.

Foto: Sigbjørn Reime

«I går kveld, då eg gjekk der oppe og såg denne vene vide verda i måneskin, vart eg sorgfull og tenkte: aldri i ditt liv kan du måla eller skildra slikt. Det er for stort; det er for vent; det er for mykje. No græt eg ikkje lenger for det. Kunne eg skildra riket mitt, så kom Jæren på mote, og turisten kom drivande herifrå og derifrå og sa «storar-

tet». Dermed hadde ikkje eg meir her å gjera.»

Ironisk nok har kanskje nettopp Garborg i over hundre år vore den merkevara som meir enn noko har gjort Jæren kjend – på godt og vondt. Har han framleis den posisjonen, eller er han i ferd med å bli forelda?

JÆRSK MERKEVARE UTAN DATOSTEMPEL?

Garborg var, som me har høyr, vel klar over den jær-
ske identiteten sin. Og etter at han fekk Knudaheio
i 1899 snakkar han faktisk om to identitetar, der jær-
buen og bondesonen Aadne 'ans Eivind er den eine.
Den andre er Arne Garborg - med sitt papper og blekk.

Som *Aadne 'ans Eivind* var han her på heimegrunn
både i «ham og hått» - framtoning og vesen - ein klas-
sisk representant for noko rotekte jærsk, og han hadde
fleire av dei særdraga me alle har likt å bli forbundne

med her på flatlandet: Beskjeden og lågmælt, klok
og kravliten, audmjuk og lyttande, og lite oppteken av
denne verdas forgjengelege skattar.

Men som *Arne Garborg* skilde han seg ut, og ikkje
berre mellom jærbuar: «*Arne Garborg er ein forfatter
som ikkje blir forelda. Romanane hans er djuptloddande
og gripande, essaya hans er klare og skarpsynte, og han
slår seg aldri til ro i ein posisjon. Emna han arbeidde med
er vi framleis ikkje ferdige med: religionen i moderne tid,
forholdet mellom lokal/nasjonal identitet og det europe-*



Dikta landskap (manipulert bilete). Foto: Vilhelm Skjærpe

ske, og korleis folk faktisk kan få politisk påverknad og makt,» seier Jan Inge Sørbø. Det kan me slutta oss til.

Difor både kan og bør me hegna om den fremste merkevara vår, og lesa verka hans – på ny og på ny. Det jærseke i dei får me på kjøpet.

FOTO

Foto av Haugehuset (s. 17) er gjengitt med løyve frå Hå gamle prestegard.

Foto teke av Karl. K. Kleppe (s. 8) er gjengitt med løyve frå

Museum Stavanger.

Panoramabiletet frå Knudaheio (s. 20-21) er gjengitt med løyve frå Garborgsenteret.

NOTAR

¹ Brev til Kitty Kielland 23.5.1892.

² Brev til Jonas og Thomasine Lie 23.5.1892.

Utdraga frå Arne Garborgs litteratur er henta frå Sigbjørn Reime sine språkmoderniserte utgåver.

